



Årsmøte

19. mars 2024

Kl. 12.30

på

Sotra Kino

Sak 1: Opning

Opning ved leiar

Sak 2: Godkjenning av innkalling og dagsorden

Årsmøtet vart kunngjort på Aktiv+ sine aktivitetar den 30. januar 2024, på Facebook 1. februar, samt på kommunen sine heimesider den 5. februar. Det vart og lagt ut plakat på biblioteket på Sartor senter.

Saksdokumenta vart ferdigstilt 01.03.2024, og gjort tilgjengeleg på kommunen si heimeside, link til denne på Aktiv+ si facebookside, papirformat i biblioteket og ved opning av årsmøtet.

Dagsorden for årsmøte i Aktiv+ 2024;

1. Opning
2. Godkjenning av innkalling og dagsorden.
3. Val av møteleiar, referent og to medlemmar til å underskrive protokollen.
4. Årsmelding frå styret.
5. Rekneskap og revisor-rapport.
6. Behandla innkomne forslag og saker.
7. Fastsetja medlemskontingent.
8. Handlingsplan for komande år.
9. Budsjett
10. Val av styreleiar
11. Val av fem styremedlemmar og to varamedlemmar.
12. Val av revisor og tre medlemmar til valkomité.
13. Avslutning

Framlegg til vedtak:

Innkalling og dagsorden vert godkjend.

Vedtak:

Sak 3: Val av møteleiar, referent og to medlemmar til å skrive under protokollen (iflg vedtektene)

Framlegg til vedtak:

Som møteleiar veljast _____

Som referent veljast _____

Til å skrive under protokollen veljast _____ (forslag på to frå salen)

Sak 4: Årsmelding fra styret i Aktiv+ for perioden 1. januar – 31. desember 2023.

Årsmelding frå styret:

Styret i Aktiv+ har i 2023 vore samansett slik:

Leiar:	Irene Evensen
Nestleiar:	Signe Herdis Høyvik
Kasserar:	Trygve Dåvøy
Sekretær:	Anne Grete Aase Eide
Styremedlem:	Finn Villanger
Styremedlem:	Andreas Steigen
Vararepresentant:	Rolf Henriksen
Vararepresentant:	Inge Kolltveit

Unni Sørensen har og i 2023 vore representant frå Øygarden kommune. Olav Bjørøy har vore revisor.

Valnemnda har vore: Egil Haaland, Rune Bildøy, Mai Villanger

Medlemstal:

Aktiv+ hadde 472 medlemmar pr 31.12.2023. Nye innmeldingar er 82 frå året før. Det har vore fokus på å verve nye medlemmar i heile 2023, noko som har ført til rekruttering. Elles er det også ein del utmeldingar som i hovudsak skuldast alder, sjukdom og "naturleg" avgang.

Deltakaroversikt 2023:

Det har vore god deltaking på dei ulike aktivitetane Aktiv+ har gjennomført. Her viser vi ein gjennomsnitt på dei ulike tilboda frå året som er gått:

Balanse: 55 stk per gang
Trim: 55 stk per gang
Tur: 14 stk per gang

Gjennomsnittleg totalt frammøte pr gang er 124 personar.

På foredraga som har blitt haldne i Odeon Sotra kino, har det vore eit gjennomsnitt frammøte på 79 personar pr gang.

Nettstad:

Aktiv+ presenterer seg på nettsidene til Øygarden kommune. Nettstaden vert jamnleg oppdatert med programoversikt for kvar tysdag. Her går det fram kven som skal ha foredrag i Odeon Sotra kino og tittelen på foredraget.

Styret sitt arbeid :

Styret i Aktiv+ har hatt 7 styremøter og handsama 59 saker, meldingar og orienteringssaker. I tillegg vart det halde konsituerande møte etter årsmøtet. Styremøta har blitt gjennomført i Sotra Arena.

Vi starta opp att med aktivitetar 3. januar; turgruppa, balansegruppa og trimgruppa. Det viste seg at folk var litt forsiktige i starten med å møte fram, sikkert på grunn av Covid-19 som vi hadde gjennomgått og som fortsatt sirkulerte, men dette har teke seg fint opp igjen utover året. Same dag starta vi også med foredrag i Odeon Sotra kino.

Leigeavtalen med Sartor Storsenter, Sartor Holding og Odeon Sotra kino for leige av ein kinosal til foredrag og underhaldning vart videreført. Seniouniversitetet Øygarden og Sotra (SØS) er og part i denne avtalen. SØS har hatt ca eit arrangement i månaden, medan Aktiv+ har hatt arrangement kvar tysdag dei andre vekene. Beste oppmøte hadde vi på juleavslutninga med 182 frammøtte.

Medlemmar av styret har rigga til salane samt laga vaktlistar og fordelt dette på styremedlemmane og andre frivillige eldsjeler.

Aktiv+ har inngått ein avtale med Sotra Sportsklubb om leige av ein av deira turninstruktørar til kostpris. Henrik Lundekvam og Signe-Herdis Høyvik har delt på oppgåva som instruktør for trimgruppa.

Balansegruppa er populær og godt besøkt. Stor takk til Ergo-og fysioterapiavdelinga i Øygarden kommune som hjelper til med instruktørar.

Når det gjeld turgruppa, jobbar vi med å få på plass nye turvertar. Karin Bjærum og Oddny Bakke har gitt melding om at dei ynskjer avløyning. Vanlegvis er det mellom 5-10 som går tur.

Etter aktivitetane kosar folk seg i kafèen med kaffi og noko å bite i. Viktig med den sosiale biten.

Frivilligdagane 21. og 22. april

Her hadde vi stand, på Sartor Senter begge dagane der vi snakka med interesserte om tilbudet Aktiv+ gjev.

Sommaravslutning 20.06.

Tarjei Vatne, Ramona Sulen og Leslie Egerer med fiolin helt ein fin konsert i Odeon Sotra kino. (Oppmøte 92)

Frivilligdagane 29. og 30. september

Denne gongen vart medlemmane spurt om dei kunne hjelpe til med å representere Aktiv+, og det fekk vi positiv tilbakemelding på. Mange kjende allereie til tilbudet, men det var svært mange som tok med seg programmet vårt.

Juleavslutning 19.12.

Juleavslutningen vart også gjennomført i Odeon Sotra kino der vi serverte julegløgg og julekaker. Roy Vorland, Veslemøy Fluge og Kristian Wedberg held ein fantastisk fin julekonsert og fekk oss i god gammaldags julestemning. Ved inngangen vart det selt lodd som på slutten av tilstellinga vart trekte. Vi hadde fått inn 79 fine gevinstar. Kjekt når medlemmane støttar opp om tiltaka våre.

Økonomi

Det vert vist til eige vedlegg for økonomien. Økonomien i Aktiv+ har også i 2023 vore god. Dei største utgiftspostane er leige av Sotra kino og honorar til foredragshaldarar og musikarar med høvesvis kr 35.000,- og kr 43.152,-.

Heldigvis har me fått god støtte frå mellom anna Øygarden kommune, Sparebanken Vest, Brødrene Ulveseth, Folkeakademiet Vest og Sotra Rotary klubb. Lokalleiga er godt sponsa av Sartor Holding, Sartor Storsenter og Sotra Kino. Den kulturelle spaserstokken har sponsa eit par foredrag i 2023. Det vart teke inngangspengar på sommaravslutninga og

på den klassiske konserten med BUKO i oktober. Nokre av medlemmane våre har og sendt bidrag på VIPPS-kontoen vår, noko vi set stor pris på.

Ei stor takk til alle som ville støtta Aktiv+!

Aktiv+ er med i Norsk Tipping sin grasrottdel. Dei av medlemmene som spelar gjennom Norsk Tipping, og som ikkje allereie har ført opp grasrotmottakar, oppfordrast til å melde Aktiv+ inn som deira grasrotmottakar.

Avslutning

Styret vil retta ei stor takk for all hjelp med å arrangera våre aktivitetar i 2023.

Takk til alle deltakarane på Aktiv+. Det er godt å sjå at våre medlemmar stiller opp og det er plass til mange fleire.

Takk til Øygarden kommunen for årleg tilskot og lån av Sotra Arena.

Stor takk til Rolf Øvretveit og teknikar Stian Hartvigsen i Sotra Kino. Dei har stilt opp på ein positiv måte og funne løysingar på daglegdagse utfordringar.

Takk til Senioruniversitetet Øygarden og Sotra for godt samarbeid!

Vi vil og takka Sotra Sportsklubb for godt samarbeid og velvilje til at vi skal få gjennomført våre arrangement, og ikkje minst takkar vi vaktmeister for all velvilje og god hjelp.

Takk til turvertar, friviljuge og alle som har vore med å laga eit flott opplegg for seniorane i kommunen.

Takk til revisor og valnemnd.

Irene Evensen
Anne Grete Aase Eide
Unni Sørensen

Signe Herdis Høyvik
Finn Villanger
Inge Kolltveit

Trygve Dāvøy
Andreas Steigen
Rolf Henriksen

Framlegg til vedtak:

Årsmeldinga vert godkjend

Sak 5: Rekneskap og revisorrapport

Forenklet økonomisk rapport

Dato : 13.01.2024

Regnskap : Vestvendt

Periode : 01.01 ... 31.12.23.



Konto	Konto beskrivelse	Inntekter	Utgifter
1510	Utestående fordringer	,00	
1930	Bankkonto 3633.69.05375	98299,06	
1931	Bidrag frå Øygarden kommune	39781,00	
1932	Bidrag frå Folkeakademiet Vest	5000,00	
1933	Bidrag frå Norsk Tipping AS.	7265,68	
1934	Bidrag frå Vippsnr. 608874.	11942,25	
1935	Bidrag frå andre.	500,00	
1936	Bidrag frå Sotra Rotary Klubb	5000,00	
1937	Bidrag frå Sparebankstiftelsen Sparebanken Vest.	25242,00	
1938	Tilskudd frå Brødrene Ulveseth Eigendom AS	10000,00	
7700	Utgifter til leige av lokaler.		-35000,00
7702	Utgifter til foredragsholdere / leverandører.		-40110,60
7703	Utgifter til gaver.		-145,00
7704	Utgifter til utstyr og materiell.		-13226,00
7705	Utgifter til abonement, etc.		-2070,00
7706	Utgifter til årsmøte / styremøter.		-3194,00
7707	Utgifter til sesongavslutninger.		-19736,05
7708	Diverse utgifter		-215,00
7710	Gebyrer.		-162,50
		203029,99	-113859,15

DEBET		KREDIT	
INNTEKTER, SALG		DRIFTSKOSTNADER	113859,15
BANKINNSKUDD	203029,99	OVERSKUDD	89170,84
SUM	203029,99		203029,99

NOTE 1.

Konto 1934. Fantastisk gjevarglede via VIPPS, kr. 11.942,25. Dette er me SVÆRT godt nøgde med. Dette beløpet er utanom det som har blitt betalt på VIPPS til konto 1930 i.f.m. sesongavslutningane, o.s.v. Her kom det inn kr. 20.248,34.

NOTE 2.

Konto 7704. Her hadde me ein STOR utgift på kr. 11.781 til teknisk lydutstyr som var nødvendig å ha i salar. Me søkte Øygarden kommune om dekning, og fekk dette tilbakebetalt på konto 1931.

NOTE 3.

Budsjettet for 2023 indikerte eit underskot på kr. 25.700. STYRET, leia av Irene, har jobba godt og har snudd dette underskotet til eit overskot på kr. 11.120,12. Dette gjer at Aktiv+ er i stand til å ha DEI BESTE foredragshaldarar og underhaldarar. (APPLAUS).

Revisor rapport;

Revisors rapport Rekneskap Aktiv + 2003

Eg har kontrollert alle bilag. Desse er godt dokumentert med underbilag der det er naudsynt. Avstemt kontoutskifter frå Sparebanken Vest mot ført rekneskap.

Eg har funne alt i skjønnaste orden.

Areknappen, 05.02.2024

Olav Bjorøy

Sign. original i rekneskap.

Framlegg til vedtak:

1. Rekneskapen godkjennast.
2. Revisors rapport vert teken til etterretning.

Sak 6: Handsaming av innkomne forslag og saker

Styret har ikkje motteke saker som skal handsamast på årsmøtet

Sak 7: Fastsetja medlemskontingent.

Framlegg til vedtak:

- Styret foreslår at det ikkje skal betalast nokon ordinær kontingent for medlemskap.
- Ved store framsyningar med innleige av artistar vert det teke inngangspengar når styret ser behov for det.

Sak 8: Handlingsplan for 2024

Treningsaktiviteter og kafè på Sotra Arena held fram som før på tysdagar kl. 10:30.

Foredrag Aktiv+ våren 2024 – tysdagar på Sotra kino kl. 12:30:

- 19.03 Årsmøte og kort medlemsmøte med musikalsk underholdning etterpå v/Kjell Kallestad
- 26.03 Påskeveka. Ingen aktiviteter
- 02.04 «Størjefiske på 1940-og 50 talet» v/Øyvind Tangen
- 09.04 Todelt;
«Krafttak for ungdom» v/dagleg leiar for Basecamp Kari Fjeldstad. Egil Haaland og Trygve Dåvøy vil orientere om kurset «Bilfører 65+
- 16.04 SØS; «The Beatles og kvinnene» v/musikkjournalist og forfatter Bård Ose
- 23.04 «Fremveksten av det norske demokratiet» v/Kjetil Evjen
- 30.04 Havexpo. Ingen aktiviteter
- 07.05 «Førstehjelp» v/Sotra Røde Kors
- 14.05 SØS; «Kirken i en ny tid» v/sokneprest Maria Tveten
- 21.05 «Hjerneslag og afasi» v/Yngve Sæterdal
- 28.05 «Om Fjell Kystlag» v/Svein Arne Storesund
- 04.06 «Smart mat for god helse. Spis bra – lev bra» v/Linn Jeanette Waagebø, Friskliv og mestrings/ernæringsrådgivar
- 11.06 SØS; «vårekskursjon til CO2 terminalen ved Northern Lights»
- 18.06 Musikalsk underholdning med Linda Ekeland og Christian Øvreaas på piano

Det kan koma endringar i programmet.

Sak 9: Budsjett

Aktiv+, BUDSJETT 2024.

Periode 01.01.2024 – 31.12.2024.

Driftsinntekter;

Bidrag frå Øygarden kommune	25.000	
Bidrag frå Folkeakademiet Vest	9.000	
Bidrag via Norsk Tipping (grasrot-andel)	7.000	
Bidrag frå Sparebankstifelsen SR-bank	30.000	
Bidrag via VIPPS	10.000	
Inntekter ved sumaravslutning (sal av billetter)	10.000	
Inntekter ved juleavslutning (loddosal)	10.000	
Bidrag frå andre	20.000	
<u>Sum inntekter</u>		<u>121.000</u>

Driftskostnader;

Honorar til foredragshaldarar	45.000	
Leige av lokaler (Sotra Kino)	35.000	
Sesongavslutningar / underhaldning, mm.	35.000	
Abonnement, etc.	500	
Utstyr og materiell	2.000	
Årsmøte/styremøter	1.000	
Gåver	1.000	
Diverse utgifter	1.000	
Gebyrer, porto, etc.	500	
<u>Sum driftskostnader</u>		<u>121.000</u>
<u>Overskot / underskot</u>		<u>0</u>

FRAMLEGG TIL VEDTAK;

Budsjettforslaget vert godkjent.

Sak 10: Val av styreleiar

Innstilling frå valnemnda

Som leiar innstillast

Eli Bergsvik for eitt år

Sak 11: Val av styremedlemmar og to varamedlemmar.

Styremedlemmar:

Som styremedlem innstillast

Anne Grete Aase Eide for to år

Signe Herdis Høyvik for to år

Siri Hetland (SØS) for to år

Irene Evensen for eitt år

Styremedlemmane
er ikkje på val.

Trygve Dævøy og Finn Villanger

Varamedlemmar til styret:

Som vararepresentantar for eitt år innstillast:

Inge Kolltveit (attval)

Rolf Henriksen (attval)

Sak 12: Val av revisor og tre medlemmar til valkomité.

Revisor:

Som revisor innstillast Olav Bjorøy (attval), for eitt år.

Straume,01.02.24

Egil Haaland

Rune Bildøy

Mai Villanger

Medlemmar til valkomitéen 2025:

Mai Villanger

Kristin Heen

Svein Olav Lavik

Framlegg til vedtak:

Valkomitéen si innstilling vert godkjend.

Sak 13: Avslutning ved leiar